

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skaare.

Emne: Brynet.

Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Steinsnes.

Gard:

(adresse): Haraldsgt. 151.  
Haugesund

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eg har tala med far, Bonde Johan Steinsnes, Skaare, f. 17/3  
1869.

## SVAR

1. Eit bryne heiter ein kvassteidn paa bygdemaalet her, (ikkje kvatsteidn). Aa bryna heiter aa kvetja eller kanskje rettare kvekkja (kvatte, kvatt).

Far fortel at maaten ljaaen vert kvatt paa, heiter kaata (ei). Naar far hadde brukt og kvatt ljaaen til bestefar (farfar), kunde bestefar segja: "Du har tatt a'en kaata". D. v. s. onnor kaata enn bestefar. Dette ordet vert ikkje nytta no. Til samanlikning kan eg nemna at me talar om aa taka breid eller smal sliping.

Det bryne som ein kvet ~~med~~ rakekniven med heiter ein heidn. Det er finare stein.

2. Tidlegare har ein saa aa segja berre nytta kvatsteinar av naturstein. No brukar ein og kvatsteinar av kunststein; men naturstein er framleides mest brukt. Det var før førre krigen at ein fekk dei fyrste kvatsteinane av kunststein.

Eg har ikkje høyrte at det finst naturleg brynestein her i bygd. Ein kjøper kvatsteinar i Haugesund, og handelsmennene der har faatt dei fraa Nordland.

3. Alle bitjarn vert fyrst slipte paa ein rûnd slipestein og etterpaa kvatte med kvatstein.
4. Det er ingen her no som minnest at dei brukte tynnslejaa (ein); men gamle folk som levde for kring 30 aar sidan, minst det. Saaleis fortalde han bestefar - farfar - som var fødd i 1827, at dei hadde tynnslejaar daa han voks opp. Dei tynnte ljaarne med hammar i smidja.

Korkje far eller eg har høyrte at dei tynnte sigdar. Me har tvert imot høyrte det var berre ljaar dei tynnte. Andre bitjarn slipte dei.

Dei slutta venteleg med tynnsleljaar for kring 100 aar sidan. Kor lenge dei daa hadde hatt slipeljaar, veit eg ikkje. Slipeljaarne var staalette, men det var ikkje tynnsleljaarne.

Bestefaar fortalde at dei tynnte ljaarne kvar laurdag, og saa kvatte dei heile vika.

Den tid dei brukte tynnsleljaar, hadde mange smidja og tynnte ljaarne sjølv. Andre gjekk til ein smed og fekk ljaarne tynnte.

5. Eg har aldri høyrte at dei her har bruka slipestein som laag stilt. Far har heller ikkje høyrte det. Me har heller ikkje høyrte at dei tok slipesteinen med seg ut paa slaatteteigen. Dei hadde ikkje her so store gardar - eller slaatteteigar som laag so langt burte - at det trongst.
6. Ein sliper naar ljaanen er utskjemd. Dei har gjerne fleire ljaar med seg naar dei slaar.
7. No brukar ein berre eit bryne til ljaanen, kvatstein. I gamle dagar brukte dei derimot i bygdane her ei straaka paa ljaanen etter dei hadde kvatt med kvatstein. Det var visstnok berre paa tynnsleljaar dei brukte stroka. Far kan ikkje minnst at dei brukte stroka i Skaare, men han har høyrte at dei gjorde det.

Museums og historielaget for Haugesund og bygdene har ei stroka fraa Døvik av Kalvaland, gnr. 45, bnr. 2, i Skjold. Den er av hardt, svart tre, venteleg av ei gamall eikerot dei har funne i torvmyri. Denne straaka ser ein lengst nede i midten paa vedlagde fotografi. Handtaket paa stroka vender opp paa bilætet.

Fraa Ilstad, gnr. 7 i Sand, har same museet eit par stroker. Dei trur eg er av bjørk; men eg har ikkje havt høve til aa sjaa etter no. Paa Ilstad nyttar dei stroka den dag idag. Dei arbeidar fine stroker og brukar dei til dei er utslitne.

8. Folk tek ljaanen av orvet naar dei skal slipa.

Sume held ljaanen saaleis at dei har eggjet mot seg naar dei sliper; men dei fleste held eggjet fraa seg. Det har dei alltid gjort heime paa steinsnes.

9. Naar me kvetjer ein longorv, d. v. s. ein longorvsljaa, set me enden av orvet ned paa marki eller saapas nedi at det ikkje glid. Stutturvet set ein derimot millom føtene ovum knei naar ein kvetjer. Ein held ljaanen med vinstre handi og kvatsteinen i høgre. Ein byrjar aa kvetja innmed orvet eller tjaattet paa ljaanen og kvetjer utover mot odden meddi ein flytter vinstre handi etterkvart som ein kvetjer. Ein gjev ljaanen eit strok paa kvar sida om gongen og held fram med det til heile ljaanen er kvatt. Ein gaar over ljaanen eit par gonger paa denne maaten.

Til slutten av førre hundradaaret brukte sume i bygdane her eit tridje slag orv, raggorv eller knaggorv (eit). Det saag ut som eit longorv utan loka. Der var berre knagg paa det og ikkje loka. Difor kalla ein det knaggorv. Dei nytta det paa tynnslaatt,



d. v. s. der det var tynnt med gras. Dei orvi sette dei og med enden i marki naar dei kvatte.

- 10. Før brukte dei kaateholk (ein) til aa bera kvatsteinen i. Dei hadde vatn i kaateholken til aa veta kvatsteinen i.

Kaateholkane var alltid av tre. Sjaa dei fem kaateholkane paa bilætet. Det er kvatstein i dei to holkane som heng ytterst. Alle fem kaateholkane er uthola or heilt tre. Den lengst til vinstre er klovna, og det er difor sett treband - tregjorder - kring han.

I Skaare slutta dei aa bruka kaateholk venteleg kring 1850, d. v. s. daa dei slutta med tynnsleljaa. No brukar ein gjerne ein blekkbokse til aa ha vatn i, naar ein slaar i turrver.

Kaateholkane og det andre paa vedlagde bilæte tilhører Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene.

- 11. Eg har ikkje høyrte gjete kaateholkar av kuhorn.
- 12. Kaateholken hang etter ein jarnkrok i buksereimi bak paa høgre hofti, saa dei kunde taka <sup>kvatsteinen</sup> ~~han~~ med høgre handi.
- 13. Kvatsteinar av naturstein vater ein alltid med vatn. Kvatsteinar av kunststein vater ein og foftast med vatn; men eg høyrer no at sume brukar dei turre.
- 14. Kvassteinsgrus. Paa same maaten segjer me slipesteinsgrus.
- 15. Nei. Veit ikkje.
- 16. Veit ikkje.                      17. Nei.                      18. Nei.
- 19. Nei. Daa far i sin ungdom var og slo hjaa ein svenske som budde paa Tornes, sa svensken ein gong han skulle kvetja ljaan sin: "Jag skal jekka dig riktigt".
- 20. Nei; men ei barneramsa lyder saa: "Kaako sat paa hagale', ropte him itte kvassteidn. Ka vil du me kvassteidn? Kvetja jaa. Ka vil du me' jaa? Slaa haa. Ka vil du me' haa? Ji ku. Ka vil du me ku? Malka mjelk. Ka vil du me' mjelk? Ysta ost. Ka vil du me' ost? Ji prest. Ka vil du me' prest? Skrifta folk. Ka vil du me' folk? Setja dei paa haave i ein tjøreholk."

-----  
Utanum kaatekolhane og stroka er der paa bilætet eit ljaalag av tre, eller jaalag (eit) som me segjer, og to kvassteinar som har vore saa gode at dei <sup>var sett i bruk paa dei</sup> etter at dei var utslitne og vortne saa smaa at ein ikkje lenger kunde kvetja med dei utan skaft.

-----  
Haugesund, 19. mars 1947.  
Lucius Steinsnes

NORSK ETNOLOGISK SAMFUNN  
adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

322

